

Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr
2018132Oppdragsnr
2018003

Matrikkeletat				
Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Meland kommune	1256	PB. 79	5906	Frekhaug

Matrikkeleining					
Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
	25	161	0	0	Vest Land Eiendom As (Hjemmelshaver)
	25	89	0	0	Vest Land Eiendom As (Hjemmelshaver)
	25	90	0	0	Vest Land Eiendom As (Hjemmelshaver)

Om oppmålingsforretninga

Forretninga avvikla:	Dato	Kl	Stad
	04.05.2018	09.30	Frammøte v/innkøyringa til Fosse 19 og 21

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining			
<input type="checkbox"/> Grunneigedom	<input type="checkbox"/> Festegrund	<input type="checkbox"/> Anleggseigedom	<input type="checkbox"/> Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn				
<input type="checkbox"/> Grensejustering	<input checked="" type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Nymerking av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Registrering av ureg. jordsameige	<input type="checkbox"/> Matrikulering av umatrikulert grunn
<input type="checkbox"/> Arealoverføring	<input type="checkbox"/> Anna			

Forklaring
Klarlegging av grensene for 25/89, 90 og 161. Sjå vedlagt kart.

Saks- behandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
Rekvirent Vest Land Eiendom As			Rekvisisjonsdato 16.01.2018

Habilitet

Landmålaren sitt namn Per Atle Sæle		
<input type="checkbox"/> Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.		
<input checked="" type="checkbox"/>	Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga?	<input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja (jfr. vedlegg)

Varsling og oppmøte

Varsel om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt frammøte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

Saksdokument - bakgrunn for forretninga

	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Søknad etter pbl				X
Vedtak (tillatelse) etter pbl				X
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				X
Varsel om oppmålingsforretning				X
Situasjonskart og situasjonsplan				X
Konsesjonsdokument				X
Servitutt				X
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				X
Avtaler				X

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
161-1	Gjerdestolpe Nedsatt i:				
161-2	Gjerdestolpe Nedsatt i:				
161-3	Gjerdestolpe Nedsatt i:				
161-4	Gjerdestolpe Nedsatt i:				
161-5A	Gjerdestolpe Nedsatt i:				
161-5	Gjerdestolpe Nedsatt i:				
161-6	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jord	Eksist. grense nedsatt på nytt			
29-1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Mur	Eksist. grense nedsatt på nytt			
29-2	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Steingjerde	Eksist. grense nedsatt på nytt			
29-3	Kors Nedsatt i: Jordfast stein	Gjenfunnet og nymålt			
161-10	Steingjerde Nedsatt i:				
161-11	Steingjerde Nedsatt i:				
161-12	Steingjerde Nedsatt i:				
161-13	Steingjerde Nedsatt i:				
161-14	Steingjerde Nedsatt i:				
161-15	Steingjerde Nedsatt i:				
16-1	Umerket Nedsatt i:				
38-1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Mur	Eksist. grense nedsatt på nytt			
38-2	Umerket Nedsatt i:				
38-3	Stein med kors og vitner Nedsatt i:	Gjenfunnet og nymålt			
38-4	Kamjern Nedsatt i:				
38-5	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein	Eksist. grense nedsatt på nytt			
38-6	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Eksist. grense nedsatt på nytt			

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
31-1	Gjerdestolpe Nedsatt i:	Gjenfunnet og nymålt			
87-1	Steingjerde Nedsatt i:				
87-2	Steingjerde Nedsatt i:				
87-3	Steingjerde Nedsatt i:				
87-4	Steingjerde Nedsatt i:				
87-5	Steingjerde Nedsatt i:				
87-6	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i:	Gjenfunnet			
88-1	Steingjerde Nedsatt i:				
88-2	Steingjerde Nedsatt i:				
88-3	Steingjerde Nedsatt i:				
88-4	Steingjerde Nedsatt i:				
65-1	Umerket Nedsatt i:				
68-1	Umerket Nedsatt i:				
80-1	Umerket Nedsatt i:				
80-2	Umerket Nedsatt i:				

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Vest Land Eiendom As har 18.01.2018 rekvirert oppmålingsforretning med klarlegging av eksisterande grenser for gnr 25 bnr 161, bnr 89 og bnr 90.

Oppmålingsforretning vart halde 04.05.2018. Ved forretninga møtte Arvid A. Fosse for 25/31, Terje Drengenes for 25/16, Aili og Reidar Holst for 25/5, Bjørn Øksnes for 25/38. Leiv Jan Fosse for 25/1 var med heilt i starten av møtet. Synnøve og Ørjan Røvik-Larsen møtte for grensa langs 25/65. Gunvor Wiik møtte for grensa langs 25/87 og 25/88. I tillegg til dei framømte var også eigar av 25/170, 25/161, 25/89, 25/90, 25/173, 25/29, 25/167, 25/80 og 25/68 varsla, men møtte ikkje.

På forretninga vart først grensa mot 25/29, 25/1, 25/16 og 25/5 gått opp. Denne grenselina er skildra i "Underutskifting paa gaarden Fosses utmark" frå 1892, 19. linje. På delar av strekninga som grensar til 25/1 er oppført steingard, men ingen av dei gamle merkesteinane var råd å finna. I starten på 19.linje i grensa mot 25/5 og 25/167 vart partane samde om eit nytt punkt, grensepunkt 161-6. Det vart også målt med måleband langs grensa til 25/16. I følgje utskiftinga skal det her vera 148 m til ein merkestein i grensa mot 25/1, og vidare først 333m til merkestein og så 40m til merkestein "ved Fosseaen, hvor den ender." Horisontal avstand frå grensa til bnr 5 og heilt til Fosse-elva er omlag 545m medan dersom ein legg saman måla i 19. linje frå utskiftinga kjem ein berre til 521m. Det kan difor sjå ut som her manglar eit mål. I utskiftingskartet er også grenselina vist som bein linje på heile strekninga, medan det i matrikkelkartet er ein knekk i punktet mellom 25/1 og 25/16. Terje Drengenes meinte at det måtte vera ein knekk på lina. Utan knekken ville grensa til 25/161 koma alt for langt mot vest.

Kommunen har målt inn 7 punkt på midt steingard, grensepunkt 29-2, 161-10:161-15. Vidare har vi konstruert grensepunkt 16-1 i skjæringspunktet mellom 25/1 og 25/16 i forlenginga av punkta 29-2 og 161-15 med grensa som i dag ligg i matrikkelkartet mellom 25/1 og 25/16. Lengda på 25/16 si grense mot 25/161 er utrekna til 154,89m.

Grensa mot 25/87 og 25/88: Her er målt inn midt steingard. Grensa er retta opp i matrikkelkartet.

Grensa mot 25/29: Det er sett ned nytt grensemerke i mur mot kommunevegen, grensepunkt 29-1. Vidare har Bjørn Øksnes i etterkant av forretninga funne gamal kross i fot steingard, grensepunkt 29-3. Det er også sett ned nytt grensemerke i midt steingard, grensepunkt 29-2 i grensa mot 25/1.

Grensa mot 25/38: Det vart sett ned nytt grensemerke i mur mot kommunevegen, grensepunkt 38-1. Bjørn Øksnes påviste ein stor stein som var sett ned der den gamle merkesteinen stod, grensepunkt 38-3. Vidare påviste han restar av gamal gjerdestolpe i fjell, grensepunkt 38-4. Det vart sett ned nytt merke i knekkpunkt, grensepunkt 38-5 og i grensa mot 25/31, grensepunkt 38-6. Grensepunkt 38-2 er umerka grensepunkt.

Grensa mot 25/31: Arvid A. Fosse opplyste at grensa gjekk langs det oppførte gjerde mot 25/89 og 25/31. Kommunen har retta opp grensa mot 25/38 i samsvar med innmålte gjerdestolpar på strekninga.

Grensa mot 25/65: Kommunen hadde i forkant av forretninga stukke ut hjørnepunktet som ligg i matrikkelkartet, grensepunkt 65-1. Synnøve Røvik-Larsen meinte at grensa for 25/65 gjekk nærmare fylkesvegen. Ho hadde fått fortalt av tidlegare eigar at grensa skulle gå i hjørne på oppført trapp, dvs omlag 2,5m nærmare vegen. Grensene til 25/65 langs vegen ligg med usikker kvalitet i matrikkelkartet, medan grensa for 25/161 langs fylkesvegen ligg med god kvalitet. Kommunen tek ikkje stilling til kvar grensa for 25/65 mot fylkesvegen går ved denne forretninga.

Synnøve og Ørjan Røvik-Larsen var samde om at gamle jernstolpar skulle utgjera grensa mot 25/161. Dei kunne ikkje påvisa kvar grensa mot naboegedom 25/68 gjekk. Kommunen har brukt grenselinene som ligg i matrikkelkartet mellom 25/65, 25/68 og 25/80 og berekna skjæring med grenselina mot innmålte gjerdestolpar på 25/161.

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og Leica 1205+ totalstasjon. Målingane tilfredsstiller krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandard. Det er ikkje gjort endringar i grensa mot fylkesvegen ved denne forretninga.

Dei nymålte grensene er matrikkelført og det er skriva ut nytt matrikkelbrev for 25/161 som vert sendt eigar. Forenkla matrikkelbrev vert sendt naboar. Det er også skriva ut nye matrikkelbrev for 25/29, 25/31, 25/38, 25/87, 25/88, 25/89 og 25/90. Det er ikkje gjort endringar i grensa mellom 25/161 mot 25/89 og 25/90.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Sted

Frekhaug

Dato

08.06.2018

Underskrift



Vedlegg (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Beregningsdokumentasjon			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmeldokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			